

VEKEPLAN 1.trinn

Veke: 11



Ansvarselevar:

1A: Emilie, Aragon og Gustav

1B: Knut og Ingrid

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Stasjonar Symjing 1B	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte 1B Gym 1A	Kunst og handverk	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.35- 12.00	Friminutt				
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt	Arbeidsøkt	Zippy/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	



Info til heimen

Hei

No nærmar det seg vår, og denne veke har elevane fått smake på korleis det er å kun ha på jakke og sko i friminutta. Vi gler oss til lysare og varmare dagar framover med mykje leik og moro.

Førre veke hadde me ein nydeleg tur til Tomas-skogen i strålande sol. Det var mykje fin leik på turen og mange av borna var meir opp i tærne enn på bakken. Det blir ikkje tur denne veka, men vi skal finne på noko kjekt her på skulen.

Denne veka byrjar vi med utviklingssamtalar, og dag og tidpunkt er sendt i Visma. Førebu dykk litt til samtalen heime og snakk med eleven om korleis han/ho har det på skulen. Vi gler oss til kjekke samtaler.

For tida jobbar vi med tala opp til 20, og ein god trening er å øve på å telje opp og ned til 20. Vi øver også mykje på tiarvennane om dagen. Snakk gjerne litt om dette heime også.

1B skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1A skal ha gym i midøkta, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.


God helg!

Helsing Kjersti og Ina



Vekas mål

- Eg kan lese leseleksa mi med fin leseflyt.
- Eg kan fortelje og skrive om **årstida vår**.
- Eg kan lage ei **rekneforteljing**.
- Eg veit kva vi meiner med **addisjon og subtraksjon**.
- Eg kan skrive setningar med **stor bokstav og punktum**.
- Eg kan skrive og gjenkjenne tal og mengde opp til 20.
- Eg veit kva tal som blir ti til saman- **tiarvenene**.
- Eg veit kva vi meiner med **halvparten** og det **dobbelte**.

	Vekas tal
	Eg kan tiarvenene: $1 + 9 = 10$ $2 + 8 = 10$ $3 + 7 = 10$ $4 + 6 = 10$ $5 + 5 = 10$ 

Heimelekse

Vekelekse i matematikk: Jobb med mattearket i løpet av veka. Baksida er valfri.

Måndag og tysdag

Jobb med lekseark 1 og les side 22 og 23 i Salto 1B leseboka.

Onsdag og torsdag

Jobb med lekseark 2 og les 24 og 25 i Salto 1B leseboka.

Hugs å lese litt heime kvar dag!

Leksemappa og leseboka skal alltid liggje i sekken.

Vi samlar inn leksene på fredagen

